

**HAUGE I FRANSK KUNST:** *Francois Monnet får hjelp av Sandrine Cnudde til å bera utstillingsfotografi på Promenaden på Brakanes. Sandrine har vandra i Hardangernaturen og kjem att om to år med utstillinga «On my (Nor) way».*

Gartnaren og kvardagsdiktaren Olav H. Hauge står sentralt i heimbygda. Ulvik Poesifestival jubilerer med kvardag som tema.

ARNE HOFSETH (tekst og foto)
arne.hofseth@bt.no

Få spelar på like mange blåseinstrument som trioen Heidi Tronsmo, Erling Wollestad og Glenn Erik Haugland. Men då diktet «Sju vindar» skulle blåsast i Den grøne kafe på Brakanes, kom kvardagslege gartnarhanskar fram. Med innlimt sandpapir.

– Skal vi tolka alle sju vindane, er det slikt som må til, kommenterer Erling Wollestad.

Som kulturskulerektor i Ulvik har han hatt ei sentral rolle i mange prosjekt med utgangspunkt i Hauge sin forfattarskap.

– Og så har han ei fabelaktig røyst, som høver så godt til framføring av Hauge sine dikt og utdrag dagbøkene, lyder publikums dom i kafeen på kaikanten.

Trioen tek fatt på den hypersensitive sida av Olav H. Hauge, nærast eit musikalsk forskingsprosjekt dugnad ei helg som denne.

– Utan denne innsatsen kunne ikkje eit stort løft som dette gjennomførast annakvart år, seier festivalsjef Espen Eide, lettare småtrippande, og med telefonen til øyra.

– Eit SAS-fly er forseinka, forklarer han.

Det er Staffan Söderblom han ventar på. Göteborg-professoren har formulert om Hauge ved å setja spørjeteikn bak: Gjeng det an å leva i kvardagen òg? Dermed har han skaffa seg ein annan innfallsvinkel til festivaltemaet. Berre flyet kjem fram.

– Vi har hatt nokre forfall i år, men har greidd å skaffa svært gode erstattarar, seier Eide om det omfangsrike programmet.

Sist kunne 100-årsdagen for Hauge sin fødsel danna ramma rundt festivalen.

I år kan dei feira tiårsjubileum.

### Hauge på fransk

Ute i kvardagen på Promenaden kjem to franskmenn berande på tunge, innråma bilete.

> *Eg les først på norsk, stillferdig som Hauge, for så å slå over på kraftfullt fransk*
> FRANCOIS MONNET

– Eg skal ha utstilling i Haugesenteret, men kom for seint. No må eg venta til dei er ferdige med eit foredrag, så lokalet bli ledig, seier



Hauge til fransk, og held einmannsshow på lyrikkveldar rundt om i Frankrike.

– Eg les først på norsk, stillferdig som Hauge, for så å slå over på kraftfullt fransk, utan eit sekunds opphald, samstundes som tempo og intensitet aukar, fortel Monnet.

Responsen blant tilhøyrarane er formidabel. Folk kjøper boka hans. No må det prentast nytt opplag.

### Hauge-landskap

– Eg berre hjelper å bera, seier Sandrine Cnudde, fransk med flamsk etternamn.

Men også denne kunstnaren har ærend i Olav H. Hauge si heimbygd.

– Etter ti år i arbeid som landskapsarkitekt vart eg lei av å jobba ved datamaskina, og bestemte meg for å dra ut i landskapet, fortel Cnudde.

Ho har eit stort kunstprosjekt i Nederland bak seg. Der var global oppvarming og stigande havnivå temaet.

No er ho inspirert av Hauge sine dikt, og går fotturar i landskapet i ein radius på 30 kilometer frå Ulvik sentrum, med skisseblokk og kamera. Om to år kan det bli utstilling under poesifestivalen.



**OSLO:** *Både Margit Sandemo og «Snåsamannen» Joralf Gjerstad er aktuelle med selvbiografier denne høsten. I går møtte de hverandre under Norges største bokfestival i Oslo.*

FOTO: GORM KALLESTAD/SCANPIX

## Knausgård lei av Knausgård

**OSLO:** Snart er Karl Ove Knausgård ferdig med bind seks av Min kamp, noe han ifølge Nrk.no er glad for. Slik svarer han på spørsmål om han er redd for at folk skal bli lei av ham: – Det tror jeg at de er allerede. Men det kan ikke jeg noe for, sier Knausgård. Oppfølgingsspørsmålet er om han er lei av seg selv, noe Knausgård bekrefter.

## 8 millioner dokumenter borte vekk

**OSLO:** Regjeringens tidligere elektroniske postjournal (EPJ), er i ferd med å bli faset ut etter at en ny versjon, OEP, tok over. Mens den gamle var åpen bare for media, er den nye varianten åpen for alle. Men gamle dokumenter i EPJ blir ikke ført over, skriver nrkbeta.no. Dermed frykter de at 8,4 millioner dokumenter ikke lenger skal være tilgjengelig for offentligheten.

## Mamma Jackson til sak

**LOS ANGELES:** Katherine Jackson, Michael Jacksons mor, har saksøkt konsertprodusenten AEG, melder BBC. AEG var ansvarlig for Jacksons avslutningskonserter i London, som Jackson øvde til på døds-tidspunktet. Katherine Jackson mener firmaet ikke ga sønnen tilstrekkelig medisinsk tilsyn. AEG har ikke kommentert saken til nå. Det er ikke spesifisert hvilken erstatningssum moren krever i søksmålet.

## Vil ha korps inn i kulturskulen

**FJELL:** Kvart år brukar korpset Fjellklang 250.000 kronar på individuell undervisning.

– Våre musikantar burde ha fått støtte på lik linje med